



Kontrollutvalet  
v/ sekretariatsleiar Einar Kåre Ulla

6863 LEIKANGER

## Eigarposisjon i Fjord1 AS - utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS

I e-post av 2.02.16 har kontrollutvalet v/leiar Frank Willy Djuvik bedt fylkesrådmannen om ei skriftleg orientering om utbetalingane til Wiersholm og DHT og kva rutinar vi har knytt til attestering/tilvising av fakturaene. Dette på bakgrunn av oppslag i media. Leiar i kontrollutvalet har vidare, i e-post av 9.02.16, teke opp spørsmålet om avtalene med Wiersholm og DHT i høve regelverket om offentlege anskaffingar.

Fylkesrådmannen svarer på begge e-postane gjennom denne utgreiinga/orienteringa.

### Oppsummering - utbetalingane

Innleiingsvis vil fylkesrådmannen kort vise kva utbetalingar vi har hatt til nemnde rådgjevarar i «Fjord1-saka» frå saka blei teke opp att våren 2014 og fram til og med rekneskapen for 2015.

år	fakturanr	wiersholm		DHT		samla			
		løn	utlegg	løn	utlegg	løn	utlegg	SUM	inkl mva
2015	212646	867 075,00	564,00			867 075,00	564,00	867 639,00	1 084 548,75
2015	211730	1 582 775,00	27 774,00	1 303 750,00	49 349,00	2 886 525,00	77 123,00	2 963 648,00	3 704 560,00
2015	210259	1 569 875,00	32 677,00	1 315 625,00	57 934,00	2 885 500,00	90 611,00	2 976 111,00	3 720 138,75
2015	209488	765 400,00	16 891,00	333 750,00	-	1 099 150,00	16 891,00	1 116 041,00	1 394 486,25
2015	207670	211 600,00	1 672,00	170 625,00	12 828,00	382 225,00	14 500,00	396 725,00	495 906,25
2015	206840	339 250,00	6 266,00	312 500,00	545,00	651 750,00	6 811,00	658 561,00	823 201,25
2015	206403	246 675,00	2 710,00	194 375,00	-	441 050,00	2 710,00	443 760,00	554 700,00
2015	205214	215 225,00	1 084,00	246 875,00	17 737,00	462 100,00	18 821,00	480 921,00	601 151,25
2014	202778	350 000,00	11 970,00	396 875,00	21 440,00	746 875,00	33 410,00	780 285,00	975 356,25
2014	200040	342 112,00	8 690,00	368 125,00	-	710 237,00	8 690,00	718 927,00	898 658,75
2014	198644	29 250,00	-	99 375,00	-	128 625,00	-	128 625,00	160 781,25
2014	197815	73 237,00	-	-	-	73 237,00	-	73 237,00	91 546,25
	SUM	6 592 474,00	110 298,00	4 741 875,00	159 833,00	11 334 349,00	270 131,00	11 604 480,00	14 505 035,00

Tabellen viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utbetalt 11,6 mill.kr eks mva til Wiersholm/ DHT i nemnde periode. Meirverdiavgifta må her haldast utafør, då denne vert refundert.

Faktura 212646 gjeld bistand i samband med kravet om lovlegkontroll av FT-sak 46/15. Resterande fakturaer gjeld bistand før og under FT sitt vedtak 23.november 2015, jf. FT-sak 46/15.

Av samla netto utbetalt beløp er 11,3 mill.kr (97,4%) honorar (timekostnader), medan 0,3 mill.kr (2,6%) er utlegg (fly, leigebil, parkering etc.). Honorar er spesifisert etter timelister pr. advokat med opplysningar om saksoppgåver, dato, etc. Utlegga er spesifisert på type utlegg, dato, og beløp. Kvittering for utlegga ligg ikkje ved.



Slik fylkesrådmannen ser det er minimumskravet for utbetaling av faktura frå fylkeskommunen sine leverandørar at fakturaene er spesifiserte slik at vi, på tilfredsstillande vis, kan kontrollere at vi har fått det vi har bestilt og at utlegga samsvarar med den aktiviteten som har vore. Fakturaene frå Wiersholm og DHT er tilfredsstillande i så måte.

Dette er også i tråd med det Sogn og Fjordane Revisjon IKS har uttalt til løn- og rekneskapstenesta vår og likeeins i intervju i «Firda» 02. februar (sitat);

*«... faktura som kjem frå eit firma der det står oppført timar og utlegg til mat og liknande er tilstrekkelig i eit rekneskap»*

Skatte- og oppgavepliktige opplysningar har arbeidsgjevar, Wiersholm/DHT i denne saka, ansvar for.

Det aktuelle oppdraget har vore timebasert og utlegga har utgjort ein svært liten del av samla kostnad. Slik fylkesrådmannen vurderer det har vi hatt eit godt grunnlag for å vurdere utlegga. I den grad det har vore vanskeleg å ha god nok kontroll/oversikt over fakturaene, har dette vore knytt til timebruken. Men dette gjeld i forhold til alle timebaserte oppdrag. I forhold til dette oppdraget har faktureringa vore høgst tilfredsstillande - slik vi har opplevd denne.

I tråd med mandatet/avtalen for oppdraget (18.mars 2014) har fakturaene frå DHT gått via Wiersholm. Slik arbeidsdelinga har vore har Wiersholm motteke/kontrollert/utbetalt for DHT sine faktura og vidarefakturert desse utgiftene som utlegg på sine faktura til fylkeskommunen. Fakturaene frå Wiersholm har fylkeskommunen motteke/kontrollert/utbetalt i tråd med dei rutinar vi har.

Det er ut frå dette ikkje rett at fylkeskommunen har betalt midlar til Wiersholm/DHT Corporate utan tilstrekkeleg kontroll.

### **Spørsmål 1 (jf. e-post frå KU):**

**Korleis praksis/rutinar er for krav om bilag for utbetaling av kostnadsdekning for fylkeskommunen sine leverandørar. Og har ein fulgt dei same rutinane i dette tilfelle.**

Krav om bilag følgjer av lov/forskrift. Bokføringslova §4 pkt. 6:

*«Dokumentasjon av bokførte opplysningar: Bokførte opplysningar skal være dokumenterte på en måte som viser deres berettigelse.»*

Bokføringslova § 10 omhandlar dokumentasjon av bokførde opplysningar;

*«Dokumentasjonen skal vera korrekt og med fullstendig innhald som viser dei bokførde opplysningane sin berettigelse»*

Forskrift til bokføringslova §10, §5-1-6 Formidling, seier at:

*«Den som formidler varer og tjenester kan utferdige salgsdokument for flere leverandørar i ett salgsdokument. Det kan benyttes en felles nummerserie for slike salgsdokument og det totale vederlaget for den enkelte leverandør kan unnlates spesifiserte.»*

Forskrift om bokføring viser elles til skattebetalingslova for utbetaling av reise- og opphaldsutgifter, utbetaling av løn mv. Utover dette er det i tillegg krav om spesifisering av meirverdiavgift og andre formelle krav til ein faktura.

Fylkeskommunen krev som rutine ikkje bilag/underbilag ved tilsvarande utbetalingar til andre leverandørar, t.d. frå andre advokatfirma.

Skatte- og oppgavepliktige opplysningar har arbeidsgjevar, Wiersholm/DHT i denne saka, ansvaret for. Dette på same måte som fylkeskommunen har tilsvarande ansvar/krev dokumentasjon ovanfor eigne tilsette og folkevalde.

Kravet vårt for utbetaling av faktura til leverandørar er som nemnd at fakturaer er spesifiserte slik at vi, på tilfredsstillande vis, kan kontrollere at vi har fått det vi har bestilt og at utlegga samsvarar med den aktiviteten som har vore. Vår vurdering er at fakturaene frå Wiersholm/DHT har vore spesifisert slik at dei stettar desse krava.

**Spørsmål 2 (jf. e-post frå KU):**

**Korleis kostnadsdekning av utgifter i samband med utførelsen av oppdraget er avtalefesta mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT, og om det er avtalefesta korleis dette skal dokumenterast og utbetalast**

Mandatet for oppdraget, datert 18.03.14, vart godkjent i fylkesutvalet i sak 18/2014 og følgjer som vedlegg.

Oppdraga, både for Wiersholm og DHT, er timesbaserte og følgjer standard oppdragsvilkår. Oppdraga vert honorerte etter medgåtte timar basert på den enkelte advokat sine timesatsar. I tillegg vert vi belasta for alle utlegg som dei har hatt i samband med oppdraget.

Wiersholm og DHT har fakturert i tråd med avtalen/mandatet. Ihht avtale har fakturaene frå DHT gått via Wiersholm, utan påslag. DHT har på månadleg basis sendt faktura til Wiersholm inkl. spesifiserte timelister, samt gitt opplysningar om kva utlegg som er påløpt og kva aktiviterter utlegga er knytt til. Slik arbeidsdelinga har vore har Wiersholm motteke/kontrollert/utbetalt DHT sine faktura på vegne av fylkeskommune. Wiersholm har i neste omgang vidarefakturert fylkeskommunen for desse utgiftene i eitt samla beløp spesifisert som utlegg.

I praksis betyr det at fakturaene frå Wiersholm som fylkeskommunen har motteke har gitt følgjande informasjon:

- Wiersholm sin eigen faktura, inkl. fakturabeløp frå DHT konkretisert som utlegg.
- Wiersholm sine eigne spesifiserte timelister.
- Oversikt over Wiersholm sine eigne utlegg spesifisert på dato, type utlegg og beløp.

**Spørsmål 3 (jf. e-post frå KU):**

**Korleis fakturaene frå Wiersholm/DHT er kontrollerte opp imot deira konkrete oppdrag før attesting.**

Fakturaene frå Wiersholm/DHT er kontrollerte/attesterte/tilviste på same måte som andre fakturaer, jf. våre rutinar, som er slik:

- Fakturaer vert scanna og fordelte av Løn- og rekneskapstenesta til rett avdeling/konterer/attesterer. Hovudregelen er at bestillar skal attestere fakturaen og gjennom dette gå god for at denne er i samsvar med bestilling, både tal, pris og mva.

- Fakturaen vert deretter sendt til tilvisar som også skal kontrollere bestillinga mot faktura og påført kontering/budsjettdekning.
- Fakturaene går deretter til Løn- og rekneskapstenesta for utbetaling.

I dette ligg eit skilje mellom funksjonane attestere, tilvise og utbetale.

I fakturaene i «Eigarposisjon i Fjord1»- saka har kontrollen i hovudsak vore å vurdere om timebruken er rimeleg utifrå det arbeidet som er utført og at utlegg (fly, leigebil, parkering etc.) samsvarar med den aktiviteten som er gjennomført. Gjennom den kontroll som har vore, kan vi ikkje sjå at det har vore noko urimeleg i det som har vore oppført på fakturaene.

#### **Spørsmål 4 (jf. e-post frå KU):**

##### **Vedk. Avtale med Wiersholm og DHT og lov om offentleg anskaffelse**

I e-post av 9. februar tok leiar i kontrollutvalet, på bakgrunn av telefon frå NRK, også opp spørsmålet om avtalen med Wiersholm og DHT er i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.

Spørsmålet om engasjementet av Wiersholm og DHT og tilhøve til dette regelverket vart vurdert våren 2014.

Innafor dette regelverket får innkjøp som omtalt i forskrifta, § 1-3 bokstav e, ikkje anvendelse på:

*«kontrakter om finansielle tjenester i forbindelse med emisjon, kjøp, sal og overdragelse av verdipapirer eller andre finansinstrumenter, særlig transaksjonen utført av offentlige oppdragsgivere for å skaffe til veie penger eller kapital»*

Det er i Fornyings- og administrasjonsdepartementet sin rettleiar til offentlege anskaffingar uttalt at unntaket omfattar både rådgjeving om sjølve avtalen om emisjon, kjøp, sal og overføring av verdipapir og i alle fall må omfatta:

- *«Obligasjonsbaserte lån (lån skaffet til veie gjennom sal av obligasjoner)*
- *Rådgjeving vedrørende sal av aksjer*
- *Børsmeglervirksomhet og annen meglervirksomhet*
- *Avtaler om emisjon av verdipapirer*
- *Avtaler om handel med og overførsel av verdipapirer*
- *Handel med investeringsfondsbevis og lignende»*

Vår konklusjon var såleis at fylkeskommunen sine avtaler i samband med vurderingar av eigarskapen i Fjord1 AS, ikkje var omfatta av forskrift om offentlege anskaffingar.

I tillegg må følgjande nemnast:

I samband med at Møre og Romsdal fylkeskommune i 2011 selde sin aksjepost til Havila as, greidde fylkeskommunen ut problemstillingar og handlingsalternativ knytt til eigarposisjon vår i Fjord1. Wiersholm og DHT bistod då fylkeskommunen og utarbeidde dokumentet «Møte i Fylkesutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune» datert 12. august 2011. I møte 26.02.14 vedtok fylkesutvalet, sak 18/14, å få oppdatert dette dokumentet. Det vart då sett på som naturleg å nytte dei same rådgjevarane til dette «oppdateringsoppdraget» som vart nytta til det opphevelege dokumentet.

Fylkesrådmannen vil vidare opplysa at vi, etter at FT hadde gjort sitt vedtak i sak 46/15, etablerte fire deloppdrag (konkrete avtaler) med Wiersholm. Stikkord:

- Lovlegkontrollen (avslutta no).
- Innsynskrav (mykje gjort).
- Konkurransetilsynet.
- Søksmål Havila.

I botn for desse avtalene ligg den generelle avtalen frå våren 2014, og denne vert nytta for naudsynte oppgåver som fell utafor desse meir spesifiserte deloppdraga.

### Sluttord

Fylkesrådmannen har i arbeidet med denne saka ikkje funne det rett å ha kontakt med revisor. Men vi tek gjerne ein gjennomgang – saman med revisor – av dei rutinane vi følgjer innafor det aktuelle saksfeltet. Dette vil det i så fall vere naturleg å kome attende til etter møtet i Kontrollutvalet.

Eg vil likeeins nemne at eg sender kopi av dette brevet til fylkesutvalet (FU, møte 2.03.16), som har møte dagen før kontrollutvalet (3.03.16). Dette er berre for at FU skal vere kjent med saka, ikkje for at utvalet skal handsame eller drøfte saka. Eg viser i det høve til at det er lenge til neste ordinære møte i FU (13.04.16).

Som vedlegg til dette brevet følgjer:

- Avtale av 18.mars 2014 – sladda versjon
- Faktura frå Wiersholm og DHT – sladda versjon

Vedlegga vil bli gjort tilgjengelege usladda (på «blått papir») i KU-møtet. I tråd med vanleg praksis vil desse der bli delte ut for så å bli samla inn att etter handsaminga.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Nils Geir Myrkaskog  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:  
Sjå over.

Mottakar (ar)  
Kontrollutvalet v/ sekretariatsleiar Einar Kåre Ulla 6863 LEIKANGER

Kopi til:  
Fylkesutvalet.